

# Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 4 — Juni 1978  
11. årgang



God sumar — og hugs på at også det ån-  
delege livet treng næring i ferietida.

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna.  
Redaktørar: Ingvar Fykse, Age Olausen.  
Redaksjonsnemd: Finn Halle Tvedt, Harald Haugsvær,  
Knut Brakstad.  
Forretningsførar: Bjørg Hellesøy  
Bladpengar: Kr. 15,-. Utanbygds/lands kr. 20,-.  
Postgiro nr. 1.3104445.  
Dagens Trykkeri, Bergen.

## ARNA PRESTEGJELD

Prestekontoret Indre Arna: Tlf. 24 04 00.

Kontortid: Tysdag, onsdag, fredag kl. 10—11.30.  
Torsdag kl. 17.30—19.00.

Prestekontoret Ytre Arna: Tlf. 24 13 25.

Kontortid: Torsdag kl. 18.00—19.00.  
Onsdag kl. 10.00—11.00.

Arna kyrkjelyd sin dagheim: Tlf. 24 12 45.

Adresser:

Sokneprest Finn Halle Tvedt, Vollav. 31, Indre Arna tlf. 24 02 72.  
Res. kap. Ingvar Fykse. Gamlev. 8, Ytre Arna. Tlf. 24 13 25.  
Fung. klokkar Severin Hamnøy, Høgatun, Indre Arna.  
Klokkar Per Sæle, Skulev. 10, Ytre Arna. Tlf. 24 13 10.  
Organist Solveig Tesdal, Stølsvegen 25, Indre Arna. Tlf. 24 16 06.  
Organist Michael Knutsen, Tyriv. 20, Eidsvåg. Tlf. 25 63 48.  
Kyrkjetenar Monrad Ulveseter, Stølsv. 15, Indre Arna. Tlf. 24 09 65.  
Kan treffast i Borgstova, tlf. 24 07 39, tysdag og torsdag 17.00—18.00,  
og onsdag, fredag 10.00—11.00.

Vik. kyrkjetenar Arthur Askeland, Haugland. Tlf. 24 11 55.

Oppsynsmann for kyrkjegardane i Arna, Emil Dalseth, Indre Arna,  
tlf. 24 05 69, kontortid mand.—fred. kl. 12.00—13.00.

Soknerådsformann i Arna, Ingmar Ljones, Stølsv. 111a, Indre Arna,  
Tlf. 24 15 94.

Soknerådsformann i Ytre Arna, Per Sæle, Skulev. 10, Ytre Arna,  
tlf. 24 13 10.

# Skattar i himmelen

Samla dykk ikkje skattar på jorda,  
der mol og makk øyder, og tjuvar  
bryt seg inn og stel. Men samla dykk  
skattar i himmelen, der korkje mol  
eller makk øyder og tjuvar ikkje  
bryt seg inn og stel. For der skatten  
din er, der vil hjarta ditt og vera.  
(Matt. 6,19—21).

Ei farleg tekst i vår materialistiske tid. For kva er det anna vi gjør om dagane enn å samla oss skattar på jorda. Seint og tidleg strevar vi på for å skaffa alt som godt er for oss sjølv og våre. Men orda i Bergpreika vil stoppa oss ein augneblink midt i alt strevet, og dei vil seia noko som så: Det er vel og bra at du er arbeidsam og vil syta for det beste for deg og dine, så langt det rekk. Men du skal vera klar over at du er eit menneske skapt for æva. Det du stellar med her på jorda, dei skattane du samlar deg, dei er forgjengelege. Men du sjølv er ikkje forgjengeleg. Du er for æva.

Det er ei stadig fåre for oss menneske å verta materialistiske og trøngsynte. Vi har lett for å verta oppteken av materielle ting, og det er mange som berre tenkjer på det som hører dette livet til. Men desse orda, som Bergpreika i det heile, peikar oppover og utover. Dei peikar

hen til Guds rike, som med Jesus Kristus bryt inn i denne verda og heldt fram i all æva. På den måten vert det kasta himmelsk ljós over livet her. Og mennesket får sjå seg i heilt anna ljós. Det er ikkje berre det høgaste av medskapningar — det er ætla til eit æveleg liv.

Kva er det så å samla seg skattar i himmelen? Er det å gå rundt på jorda å venda blikket stadig mot himmelen og venta løn der for dei gode gjerningane ein gjer som ein ikkje får løn og takk for her? Kor nærliggjande ein slik tanke er for oss er den likevel fullstendig gal. Om det var riktig ville vi få himmelrikets skattar som løn for våre gjerningar. Men Bibelen seier at dei får vi berre av nåde, ved trua på Jesus Kristus. Bergpreika oppmodar oss derfor sterkt til først å söka Guds rike og hans rettferd — den rettferd for Gud vi får ved trua på Jesus. Gud er fullnøgd med denne tilrekna rettferda vi har i Jesus Kristus. Difor treng han ikkje nokre gode gjerningar frå vår side for å frelsa oss. Det gode vi gjer her på jorda kan då med sin fulle tyngde retta seg mot nesten vår, slik at han får nytte av det, og slik at vi tenker på det som tenar han best.

## Nordhordland Indremisjon 100 år

# Skiping i løe på Frekhaug —idag møte i 70 bedehus

Årsmøte og jubileum på Frekhaug

10. og 11. juni



Mjølkeråen bedehus er eit av dei nye og moderne gudshus i Nordhordland.

70 bedehus, 80 foreiningar, 13 dei heilt unge til dei eldste. arbeidarar på heiltid og ennå fleire på deltid, kristen folkehøgskule på Frekhaug, leirstaden Raknestunet, med tilbod til folk i alle aldrar, frå

Slik står Nordhordland Indremisjon fram i dag, 100 år etter skipinga i ei løe på Frekhaug. 10. og 11. juni vil jubileet verta høgtida under års-

møtet på Frekhaug. Biskop Thor With og gen.sekr. Rolf Onarheim vert då med som talarar. Søndagen vert det gudstjenester ei rekke stader som ledd i 100-årshøgtida. I Arna talar jernbanedirektør Kåre Kristiansen og Ytre Arna, Oddmund Tveranger.

Nordhordland Indremisjon vart skipa 7. og 8. juli 1878. Det var indremisjonsforeiningane i Meland som hadde kalla inn til dette skipingsmøtet. Og målet var klart: Evangeliet måtte ut til folket i Nordhordland. Menneska måtte verta vakte frå sin synd og vanekristendom til syndsforlating og evig liv.

Bergen hadde tidleg vorte eit sterkt indremisjonssenter på Vestlandet. Men i bygdene ikking fekk folk sjeldan vitjing av reisande emissærar. Mange nordhordlendingar som hadde reist til byen og hadde vorte vakt til personleg kristenliv fekk nauð for folket heime i bygdene, og dei arbeidde for at også dei skulle få høyra den glade bodskapen om Jesus Kristus til frelse.

Snikkarmeistar Johan Haldorsen i Meland vart den fyrste emissær i den nye Nordhordland Fellesforening. Han kjøpte båt, og rodde og sigla kring i fjordane og heldt oppbyggjelege møte.

Men det var ikkje berre lett å driva indremisjon i denne tida. Det var mange, også blant kristne som stilte seg spørjande til det friviljuge lekmannsarbeidet, og dei fleste prestane såg på det som noko ulovleg. Men etterkvart fekk emissærar utsendt frå indremisjonen vera reiskap for store vekkingar som omskapa heile bygdesamfunn.



Krinssekretær Johan Åsgard.

— Jamvel om det dei siste åra ikkje har vore større vekkingar må vekkingslina vera framtidens veg for Nordhordland Indremisjon, sier krinssekretær Johan Åsgard. Dette må vi halda fram med så lenge det finst menneske som sør i sin tilstand utan samfunn med Gud.

— Vi vil også i framtida halda fast på vårt syn på Bibelen som Guds inspirerte og feilfrie ord, på den evangelisk-lutherske vedkjenning og på den pietistiske livsstilen. Som indremisjon er det vår oppgåve å ta vare på den arven vi har fått i det friviljuge lekmannsarbeidet, og det må framleis stå fritt og sjølvstendig i høve til vår offisielle kyrkje sine organ. Det er vår overtyding at vi på den måten best byggjer Guds sanne kyrkje i vårt folk, seier Johan Åsgard.

# NMS-generalforsamling i Bergen 21.—25. juni

Det Norske Misjonsselskaps 47. generalforsamling er i år lagt til Bergen hvor møtene i alt vesentlig vil bli avviklet i Bergenshallen.

Årets generalforsamling byr på en rekke omfattende saker som misjonsfolket skal ta stilling til. Av disse kan vi nevne spørsmålet om deling av Bergen krets, eventuell nedleggelse av Misjonsskolen for kvinner i Oslo ved ta kvinnelige misjonærer for ettertiden skal få sin utdannelse ved Misjonshøyskolen i Stavanger. Videre vil saken om NMS framtidige administrasjonsmønster bli behandlet.

Utenom forhandlingsmøtene er det en rekke interessante emner som er åpne for alle. Det vil bli holdt tre misjonsforedrag av henholdsvis professor Ludvig Munthe, misjonsprest Kaare Bakke og misjonsprest Anders Eraker. Hver morgen er det bibeltime og disse tar sitt utgangspunkt i Efeserbrevet og blir holdt av stipendiatur Ove Conrad Hanssen, rektor Leif Michelsen og sokneprest Arne Rui.

Fredag 23. juni vil et møte fra Bergenshallen bli kringkastet. Her taler generalsekretær Magne Valen-Sendstad og misjonær Margit Samset Volden. På et festmøte lørdag kveld taler biskop Sigurd Lunde og misjonsprest Kjell Nordstokke taler om «Mitt møte med Brasil».

Hovedkomiteen for Generalforsamlingen har lagt alt vel til rette for et vellykket arrangement. Det står




nå til misjonsfolket å følge de siste forberedelsene og selve generalforsamlingen i bønn slik at den kan bli til velsignelse for den enkelte og til fremme av Herrrens rikssak både i menighetene på selskapets mange misjonsfelt og i menighetene her hjemme.

Velkommen til generalforsamlingen. Nærmore opplysninger kan fås ved henvendelse til Ø. Korskirkealmenning 9, 5000 BERGEN.

## NYE PREIKETEKSTER

- |                              |                              |
|------------------------------|------------------------------|
| 18-06 5. søndag etter pinse  | 06-08 12. søndag etter pinse |
| Sak 7, 8-10                  | Salme 32, 1-5 + 11           |
| Rom 2, 1-4                   | 1 Joh 1, 8-2, 2              |
| Joh 8, 2-11                  | Matt 21, 28-31               |
| 25-06 6. søndag etter pinse  | 13-08 13. søndag etter pinse |
| Jer 1, 4-10                  | Salme 40, 2-6                |
| 1 Pet 2, 4-10                | Jak 3, 8-12                  |
| Matt 16, 13-20               | Matt 12, 33-37               |
| 02-07 7. søndag etter pinse  | 20-08 14. søndag etter pinse |
| Josva 24, 19-24              | 5 Mos. 10, 17-21             |
| 1 Pet 1, 15-21               | Rom 13, 8-10 (Preiketekst)   |
| Matt 16, 24-27               | Matt 5, 43-48                |
| 09-07 8. søndag etter pinse  | 27-08 15. søndag etter pinse |
| Joel 2, 21-27                | Salme 103, 1-6               |
| 2 Tess 3, 6-12               | 1 Tess 1, 2-10               |
| Matt 10, 28-31               | Joh 5, 1-3a + 5-18           |
| 16-07 9. søndag etter pinse  | 03-09 16. søndag etter pinse |
| Jer 23, 16-18 + 21-22        | 5 Mos 4, 29-31               |
| 1 Joh 4, 1-6                 | Fil 4, 10-13                 |
| Matt 7, 21-29                | Luk 10, 38-42                |
| 23-07 10. søndag etter pinse | 10-09 17. søndag etter pinse |
| Jes 10, 1-3                  | Klag 3, 22-26                |
| Apg 20, 17-24                | Rom 8, 18-23                 |
| Luk 12, 42-48                | Luk 7, 11-17                 |
| 30-07 11. søndag etter pinse | 17-09 18. søndag etter pinse |
| Jes 5, 1-7                   | Jer 6, 16-20                 |
| Rom 11, 1a + 16b-24          | Gal 5, 1-6                   |
| Joh 6, 66-69 (-71)           | Joh 8, 31-36                 |

# Kyrkjelydstur til Israel i oktober



Kedronalen og Getsemehagen. I Getsemehagen er bygt ei kyrkje, Alle nasjoners kyrkje. Det er gjort for å visa at Jesu liding og død gjeld for alle menneske.

Det vert kyrkjelydstur for Arna og Ytre Arna sokn til Israel i oktober. Turen vil vara 15 dagar, og vi vil få sjå alle dei bibelske stadane i landet ved sidan av at vi får oppleva det

moderne Israel.

Det er no 30 år sidan staten Israel vart oppretta, og heile året står i jubileets teikn. Oktober er ein fin tid for ein Israel-tur. Det er ikkje så gloheit som

midtsumars og det er før regntida set inn.

Vi har store forventningar til denne Israelturen. Vi ser det som verdfullt at mange i kyrkjelyden kan få høve til å oppleva det



I Jeriko kan ein kjøpa appelsinar nesten direkte frå trea. Her er det ei norsk gruppe som tek føre seg av fruktene.

heilage landet saman. Vi får fleire dagar i Jerusalem. Her skal vi mellom anna til Getsemene, vi skal gå langs Via Dolorosa — Lidingsvegen, som Jesus gjekk frå han vart dømd av Pilatus i Antoniafestningen til han vart krossfest på Golgata og lagd i grava. Vi skal også vitja den gamle tempelpllassen, der det i dag er islamiske moskear — jødane har berre att Klage-muren.

vi ved sida av Fødselskyrkja også sjå hyrdemarkene. Lenger nord i landet, i Galilea, ligg den vakre Genesaretsjøen. Langs stranda her finn vi høgda der Jesus heldt si bergpreike. Og Capernaum — Jesu eigen by. Her i Nord-Israel finn vi og Nasareth, der Maria fekk bodskapen om at ho skulle føda ein son på overnaturleg vis og der Jesus levde dei fyrste åri.

Midt-Austen har vore sterkt framme i nyhendemeldingar i radio og aviser den siste tida. Men i sjølve Israel har

det vore roleg, og ingen turistar har vore utsett for noko. Det krevst ingen vaksinasjon for reiser til Israel og heller ikkje visum, pass er nok. Prisen vert på kring 3.500 kroner.

Dei som vil vera med på kyrkjelydsturen til Israel i oktober må ta kontakt med soknerådsformannen i Arna, Olav Hesjedal, telefon 24 01 17, for nærmare opplysningsar og påmelding. Om du har lyst å reisa til Israel, men det ikkje høver for deg i oktober, vonar vi at det kan verta arrangert slike turar også seinare.

# Familieside



## ARNA SOKN:

### Døpte:

26-02 Vivian Therese Abildgaard.

12-03 Gunn Kristine Mentzen, Eirik Boge.

18-03 Ina Renate Rolland, Elin Holmås, Erik Rosendal, Bjarte

26-02 Vivian Therese Abildgaard.

12-03 Gunn Kristine Mentzen, Eirik Boge.

18-03 Ina Renate Rolland, Elin Holmås, Erik Rosendal, Bjarte

Gunnar Vangsnes Bøe, Rune Litangen, Stian Helgesen.

19-03 Trond Nordvik.

### Ektevidgde:

18-03 Helge Nævdal og Rita Straumsnes.

### Avlidne:

26-02 Ranveig Theting Bech, f. 1886.

01-03 Alf Henriksen, f. 1907.

06-03 Øystein Edvard Hageberg, f. 1893.

11-03 Åsa Bertina Storlid, f. 1875.

06-03 Klara Marie Næss, f. 1912.

13-03 Venke Kleivane, f. 1961.

15-03 Peder Andreas Nesse, f. 1902.

20-03 Olga Lie, f. 1906.

23-03 Mons Solberg, f. 1891.

## YTRE ARNA

### Døpte:

19-03 Svein Kvamme.

### Avlidne:

28-02 Nils Vårdal, f. 1904.

## Hugs bladpengane!

## Minnegåve til Kyrkjelydsbladet

Vi vil koma med ei påminning om bladpengane for Kyrkjelydsbladet for 1978 og vil oppmøda dei som ikkje alt har gjort det om å nyitta det innbetalingeskortet som vart lagd ved i bladet for nokre nummer sidan.

## Liturgien i Arna kyrkje

Gjennom fleire år har det frå tid til anna kome spurnad om å få ei gudsteneste for månaden med bokmålsliturgi. Også gjennom kyrkjebladet har saka vore framme.

Arna sokneråd har samtalt om dette. Det samla soknerådet vart samd om ikkje å ta stilling til sjølv saka. Men samstundes fann alle tida mogen for å ta ei avrøyting.

Difor vart det samrøystes vedteke å skipa til kyrkjelydsmøte/soknemøte etter gudstenesta sundag den 27. august d.å. Det vert då avrøyting for eller imot ei bokmålgudsteneste for månaden i Arna kyrkje.

F.H.T.

## Blomar til alle høve!

Utplantingsplanter i rikt utval.

### TRYGVE GARNES,

Gartneri — Telefon 24 04 01 — Garnes.

Utsal: Espeland — Tlf. 24 17 27.

## Sunnhordland Folkehøgskule

5455 Halsnøy kloster

Tlf. Sæbøvik 27

Nytt årskurs frå 29. august.

Praktiske og teoretiske kurs.

Stipend og lån frå Staten.

Skuleplan fritt.

Skriv eller ring!

Sigurd Sandvik

# «KVINNA SJØLV»

av Else Skagestad Aalen

I Vera Henriksen si kjende bok fra vikingtida, «Sølvhammeren», vert det fortalt at eit nyfødt barn vart bore fram for husfaren. Han skulle mellom anna avgjera om barnet skulle få leve opp eller setjast ut for å døy.

I dag kjempar ein for at kvinner skal få ei tilsvarende makt over fosteret i dei fyrste månadene. Mora åleine skal vera den som avgjør om fosteret skal leve vidare. For mange i dag er dette ei viktig side av kampen for kvinnefrigjering.

Uttrykket «kvinna sjølv» som ofte vert brukt i abortdebatten, kan gje re eit sterkt inntrykk på mange. Kvinner flest er ikkje så vant med å setjast i sentrum. No og då har dei opplevd at det dei har meint og sagt ikkje har vorte teke så høgtideleg. Menn har hørt meir på kvarandre, og teke avgjerder i mange viktige saker som også kom kvinner ved.

Og så er det brått vorte moderne å tale om «kvinna sjølv». Hennar meining, hennar ynskje og vilje skal vera avgjerande i ei svært viktig sak, i spørsmålet om livsretten til fosteret. Er då ikkje dette eit framskritt?

Nei, for i abortspørsmålet dreiar det seg ikkje om kvinnefrigjering og kvinnesyn, men det dreiar seg om sjølve synet på mennesket. For det fyrste: Kven er eit menneske med menneskeverd og menneskerett? Er ikkje fosteret også det? Utfrå Bibelen er det klårt at fos-

teret er eit menneske Gud har skapt. Erklæringa om menneskerettane burde og få eit punkt om menneskeretten til fosteret.

For det andre: Den kristne trua reknar med både det vonde og det gode i mennesket, i alle menneske. Verken mann eller kvinne har difor ei så sikker etisk dømekraft og ei slik evne til å gjere det som er rett at dei av seg sjølv alltid kan treffe den rette avgjerda. Alle menneske treng hjelp og rettleiing både ved klåre, gode lover og normer og ofte også frå medmenneske. Difor vert det gale å leggja ansvar for avgjerda om fosteret sitt liv på eit enkelt individ, like gale anten det er ein mann eller ei kvinne. Dersom eit enkelt menneske får ei slik makt, då tek ein både menneskeretten frå fosteret, og ein gjev mennesket eit ansvar som ingen av oss er gode og sterke nok til å bere åleine.

Men uttrykket «kvinna sjølv» bør vi gjerne ta vare på i andre samanhengar. Det er viktig at det i vårt samfunn vert skapt ei haldning til kvinna som gjev henne ei oppleveling av sjølvrespekt, verd og ansvar — også utan sjølvbestemt abort.

*Forblindelse hevner seg fordi den fører rett inn i fortvilelsen, eller omvendt:  
det er forblindelse som ligger til grunn for all fortvilelse.*

Viktor Frankl.



## -De trenger en rådgiver i forsikring

— Assurandør Olav A. Hovden —  
Gir Dem bistand med et fornuftig og  
oversiktlig poliseopplegg.

Ring, stikk innom eller send noen ord.

### Storebrand·Idun

FOR SIKKERHETS SKYLD

Postboks 17 — 5260 Indre Arna  
Telefon 241532 — Privat 280811

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning  
Hugs at vi har laveste pris,  
og det De kjøper her kan De få reparert her.

### ARNA VARESALG A/S

Ytre Arna — telefon 241188  
Arnatveit — telefon 241970

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger

EL-KJØP

## La oss snakke forsikring sammen!

Du vet hva du trenger av trygghet.  
Vi kan si deg hvorledes du best kan få det  
Velkommen til en hyggelig prat  
omkring dine personlige forsikringsproblemer.

INSPEKTØR GUNNAR JACOBSEN

FORSIKRINGSAKTIESELSKAPET LIVSFORSIKRINGSSELSKAPET  
**VESTA**  **HYGEA**

Herredshuset; Indre Arna — Telefon 240700

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 232050

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 232050

Alltid til tjeneste

## VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk,  
der alle kundar, store som små,  
er hjarteleg velkomne.

**VESTLANDSBANKEN, avd. Arna**

## ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss  
De også. Vi gir god service.

## KVERSØY BILFORRETNING

ESPELUND  
Telefon 24 00 17 — 24 08 45

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon  
og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 24 04 96

## ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes  
Transport med egen bil  
Annonser, sanger, sløyfer  
Monumenter besørges oppsatt

## ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi

# Velkommen til kyrkje \*

## Preikeliste for Arna

- 18-06 Arna kl. 11: v/res.kap. Fykse. Nattverd.  
Ytre Arna kl. 11: v/spr. Tvedt. Nattverd.
- 25-06 Arna kl. 11: v/spr. Tvedt og misj.sekr. Johan Skjortnes.  
Offer til N.M.S.  
Ytre Arna kl. 11: v/res.kap. Fykse og kretssekr. Svein Aarvik. Offer til N.M.S.
- 02-07 Arna kl. 11: v/spr. Tvedt. Nattverd. Offer til Israelsmisjonen.
- 09-07 Ytre Arna kl. 11: v/spr. Tyedt. Nattverd. Offer til Misjon bak jernteppet.
- 16-07 Arna kl. 11: v/spr. Tvedt. Nattverd. Offer til Den Indre Sjømannsmisjon.
- 23-07 Trengereid kl. 11: v/spr. Tvedt. Nattverd.
- 30-07 Arna kl. 11: v/res.kap. Fykse. Offer til Blå Kors.
- 06-08 Ytre Arna kl. 11: v/res.kap. Fykse. Nattverd.
- 13-08 Arna kl. 11: v/res.kap. Fykse. Nattverd. Offer til Norges Kristel. Ungdomsforbund.
- 20-08 Trengereid kapell kl. 11: v/res. kap. Fykse. Nattverd.
- 27-08 Arna kl. 11: v/spr. Tvedt. Offer til I.K.O. Barnevakt.  
Kyrkjelydsmøte ang. ei gudsten. pr.mnd. på bokmål.  
Ytre Arna kl. 11: v/res.kap. Fykse.
- 03-09 Arna kl. 11: v/res.kap. Fykse. Nattverd.  
Ytre Arna kl. 11: v/spr. Tvedt. Nattverd.